

Tilbakemelding på Dykkar referanse NVE201840133, på innkomne høyringsutsegner vedrørende uttak av vatn til jordvatning frå Kvassheimsåna i Hå kommune

Høyringa blei utsendt til 11 ulike instansar, jf. mottakarlista, det kom tilbakemelding frå Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland, samt Statsforvaltaren si uttale i 2019.

Me vel å kommentera utsegnene i 3 delar:

- Landbruksomsyn
- Naturverdiar i elva
- Minstevassføring

Landbruksomsyn

Statsforvaltaren

I utsegna frå 2019 peiker statsforvaltaren på kor viktig det er med mogelegheit for vatn og at det er positivt av landbruksnæringa tar eige ansvar for å sikra avlingane og ikkje søkja om erstatning etter statlege erstatningsordningar og bruk av offentlege midlar, og hadde ikkje vesentlege merknadar til søknaden.

I utsegna frå 2024 peiker Statsforvaltaren på kor viktig det er med sjølvforsyning og særleg auka både delen og forbruket av norsk frukt og grønt. For å dyrka grønsaker er det avgjerande å ha tilgang til vatning. Dei siste åra har det vore fleire år og periodar der det har vore samanhengande tørke i Rogaland, og me veit at klimaendringane vil føra til fleire tørkeperiodar framover. Dei siterar også at ut frå NIBIO sine registreringar, er område svært godt eigna for denne type produksjon.

Fylkeskommunen

Me vel berre å sitera Rogaland fylkeskommune si uttale frå 19.04.2024

«Uttak av vann til jordvanning har blitt en økende utfordring i flere vassdrag i Rogaland. I tørre perioder i sommerhalvåret har vi registrert at samlet vannuttak for jordvanning i noen vassdrag har vært så stor, at det har vært svært liten gjenværende vannføring ut til sjøen. Samtidig erkjennes at jordvanning kan være nødvendig for å sikre nødvendig tilvekst og avlinger i jordbruket.»

Ut frå kor viktig det er å kunna dyrka mat, så er statsforvaltaren klart positiv til uttak av vatn til jordvatning og fylkeskommunen erkjenner kor viktig det er å kunne vatna.

Naturverdiar i elva

Statsforvaltaren 2019

Det er fisk i elva, sjøaure og laks, samt elvemusling. Som me grunneigarar har nemnt tidlegare, er det ikkje mogeleg for fisk å koma inn i elva ved låg vassføring, dette grunna utløpet av elva. Elveigarlaget hadde møte om dette våren 2024 og ynskjer i samarbeid med Hå kommune søkja om å få ta ut masse, slik at det skal vera mogeleg for fisk å koma opp i utløpet av elva. Det er ikkje kome nokre merknadar til uttak av vatn til jordvatning frå elveigarlaget. Elvemusling blei registrert i 2018, og i denne rapporten blir det konstatert at elvemuslingen vesentleg har tilhald lengre opp i vassdraget, og dermed har ikkje vassuttaka noko tyding for elvemuslingen.

Statsforvaltaren 2024

Nemner at laks no er kome inn på Norsk raudliste for artar som er nær trua og at det er dårlege gytetilhøve i nedre del av elva. Me vil berre understreka at det område som er registrert som dårleg ligg ovafor alle 3 vassuttaka og har dermed inga innverknad på dette.

Elvemusling, det blir opplyst at det ikkje er gjort registreringar i område nedanfor FV44. Kvifor dette ikkje blei gjort då elva blei undersøkt, kan me ikkje svare på. Kanskje det den gongen blei vurdert til ikkje å vera naudsynt, då me veit at dei store førekomstane ligg lengre oppe i elva.

Fylkeskommunen

Skriv at elva har fisk. Det er også stadfesta i vår tilbakemelding 11. april 2023. Elles så stiller me oss svært undrande til fylkeskommunen ved spesialrådgjevar Steinar Eldøy, sine påstandar om at fysiske endringar og tiltak med loddrette steinsettingar har forverra tilstanden i elva. Dette er ukjende tiltak, som me ikkje kjenner oss att i. I tillegg har desse påstandane ingen konsekvensar for uttak av vatn til jordvatning.

Minstevassføring

Alle er opptatt av minstevassføring, me grunneigarar har i brev av 11. april 2023, kommentert dette, og syner til det som står der. Me er også veldig undrande til måten fylkeskommunen med spesialrådgjevar Steinar Eldøy driv aktivitetar som kan minna om detektivarbeid, og me vil berre understreka at det pr. i dag, ikkje er søknadspliktig for ein bonde å leggja ned røyr og utbetra vatninga frå mobile traktordrivne pumpar til elektriske pumpar. Me stiller oss også veldig undrande til fylkeskommunen sitt ynskje om å vurdere kva tid det einskilde område treng vatn. Ynskjer fylkeskommunen at me skal søkja dei om mogelegheit for å flytte vassvognene til dei ulike felta me driv? Me ynskjer også å kommentera sakshandsamar sin påstand:

«og samlet kapasitet for anleggene ligger også langt over den alminnelige lavvannsføringen. At behovet for vannuttak er størst i perioder med lite nedbør, innebærer at Kvassheimsåna potensielt kan tørrlegges fullstendig i tørre perioder.»

Dette er feil. Sommaren 2018, som er den tørraste me kjenner til, var det periodevis uttak frå alle tre søkjarane, samt sporadisk uttak av vatn lenger oppe i vassdraget. Me har bilete av at det framleis renn vatn ut i havet, faktisk ei av få elvar på Jæren.

Forventning til NVE

På bakgrunn av tidlegare historikk med uttak av vatn til jordvatning og at uttaka har eksistert frå før 2001, så blir det forventa at det blir gjeve konsesjon som søkt om. Det har gått føre seg vatning i ei årrekke, og elva har i alle år gitt oss grunneigarar både liv i elva og vatn (liv) til våre planter. Vi forventar at NVE ser alvor og kor viktig det er for oss bønder å halde dyra med mat og levera gode grønsaker til det norske folk. Vi forventar ei positiv tilbakemelding i nær framtid.

Me stiller gjerne opp på synfaring.

Brusand 28. juli 2024


Bjarne Kvadsheim

Laurits Stokkeland


Rune Kvassheim